



Det kommunale huset for oppstilling av bossdunkar mellom Hagetunet og barnehagen var på plass for lang tid sidan. Vittige sjelar har kalla det ein saloon fordi det kan minna om huskonstruksjonar i det ville vesten. Bygget vart reist i sommar. No har kommunen godkjent sitt eige prosjekt.

Saksbehandlar Torill Slåke i avdelingen for samfunnsutvikling som har med godkjenningen å gjera skriv til tekniske tenester at huset har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.

Ho skriv og at det er i samsvar med avstandskrava til nabogrense og annan bygning samt høgspenline og veg. Så langt vel og bra.

Men noko er gløymt. Vi har tidlegare antyda at det for at det skal bli ein fullverdig saloon og burde vera ei rampe for å feste hestane samt dobbelt svingdør, men det har den kommunale, løyvegjevande instans ikkje stilt krav om så langt.

Kanskje kjem det i eit byggjesteg 2?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen